



Satsar vidare på ØkoSau

Forfatter

Kjersti Berge, Norsk Landbruksrådgiving

Sammendrag

Staten satsar vidare på auka økologisk sauehald og veiledningsprogrammet «ØkoSau» i regi av Norsk Landbruksrådgiving held fram. 50 råd givarar i forsøksringsystemet tilbyr alle saueprodusentar gratis førsteråd om økologisk sauehald. Det vert også arrangert regionale informasjonsmøte om temaet komande haust.

Publisert

2008

Referanse

Sau og Geit nr. 4/2008

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no

Satsar vidare på ØkoSau

Staten satsar vidare på auka økologisk sauehald og veiledningsprogrammet «ØkoSau» i regi av Norsk Landbruksrådgiving held fram. 50 rådgivarar i forsøksringsystemet tilbyr alle saueprodusentar gratis førsteråd om økologisk sauehald. Det vert også arrangert regionale informasjonsmøte om temaet komande haust.

Sidan oppstart i oktober 2006 har over 450 produsentar fått ei vurdering av føresetnader for økologisk sauehald på eige bruk, og over 1.000 produsentar har delteke på informasjonsmøta. Tilbakemeldingane frå rådgivarane tyder på at interessa for å læra meir om økologisk sauehald er god. Både kunnskapsnivå og haldningar har variert mykje, og det er tydeleg at behovet for auka kunnskap og erfaringsutveksling om denne driftsforma framleis er stort.

Økologisk godkjenning

Sauehaldet i Norge er rekna for å vere svært naturleg og nær økologisk, særleg med tanke på stor grad av beiting i utmark. Overgangen til godkjent økologisk drift gjeld i praksis fyrst og fremst grovførdyrkinga og krav om større plass pr. sau i inneføringstida.

Økologisk godkjenning dokumenterer ei driftsform utan bruk av kjemiske sprøytemiddel og kunstgjødsel. Det garanterer også at sauene har tilgang på eit areal i inneføringstida på minst 1,5 m² pr. sau. I tillegg ligg det i økologisk landbruk eit overordna mål om størst muleg bruk av lokale og fornybare ressursar. Her skårar det tradisjonelle norske sauehaldet høgt med bruk av utmarksbeite og ulike kategoriar av engareal.

Marknad

I media les me stadig om kjende kokkar og trendsetjarar innan norsk matkultur som ønskjer seg råvarer av lokalt opphav, med høg kvalitet og at

dei er økologisk godkjent. Lam vert også halde fram som døme på noko av det beste Norge kan by på. Det er altså grunn til å tru at økologisk lammekjøtt med opphavsmerking og høg kvalitet har eit potensiale i marknaden. Til no har verken produksjon eller omsetnad av økologisk lammekjøtt tatt av, men John Erlend Laderud i Nortura melder at det har vore ein jamn vekst i salet. Omsetjinga av økologisk lammekjøtt auka med 12,4 % frå 2006 til 2007. Produkta som utgjer hovudvolumet av

økologisk lam frå Nortura er pinnekjøtt, fårrikålkjøtt og lammelår.

Meirprisen til produsent er framleis kr 3 for økologisk lammekjøtt og kr 2 for økologisk sau, utover vanlege satsar.

Økonomi – betre inntening pr. vinterføra sau

Det økonomiske utfallet av ei omlegging må også vurderast ved val av driftsform. Det er lite interesse for å gå

Fortsetter neste side.



Belgvokstrar gjer engavlinga meir rik på protein og er eit viktig innslag i enga på økologisk drivne gardar. Kløveren etablerer seg godt etter nokre år med økologisk drift.

over til eit driftsopplegg som gjev lågare inntening.

Økonomisk resultat kan framstillast på ulike vis. Ser ein på dekningsbidrag pr. vinterføra sau vil dette verte høgare ved omlegging til økologisk drift. Dekningsbidrag pr. arealeining vil derimot verte lågare, dersom grovføravlinga etter omlegging vert redusert med meir enn 20 %. Er avlingsnedgangen derimot under 15 % vil også dekningsbidrag pr. arealeining bli større.

Inntening pr. time er kanskje vel så interessant å sjå på. Her spelar mange faktorar inn og utslaget må vurderast på gardsnivå. Med ein effektiv maskinpark vil det til dømes koste lite tid å ta i bruk eit større areal for å halde inn-

hausta grovførmengd oppe på same nivå som før omlegging.

Økologisk grovførdyrking er nøkkelen til suksess

Nok økologisk grovfør i forhold til dyretalet er avgjerande for ei vellukka omlegging. Korleis avlingane endrar seg ved omlegging til økologisk drift er avhengig av mange faktorar. Ulike jordtypar har ulikt avlingspotensiale ved økologisk drift og utslaget av god eller dårleg agronomi vert tydelegare. Den største utfordringa ved økologisk sauehald er for mange å få tilført nok organisk gjødsel til engareala. Å få inn kløver og eventuelt andre belgvekstar i enga er også avgjerande for å kunne ta opp nitrogen frå lufta og for å sikre eit

godt avlingsnivå. Om kløvertilslaget har vore lågt i enga ved konvensjonell drift, kan ein oppleve at kløveren etablerer seg godt etter nokre år med økologisk drift. Det er også muleg å direkteså kløver i etablert og varig eng.

For å oppnå gode avlingar ved økologisk engdyrking må ein alltid ha fokus på god agronomi. Dersom ein skal kunna dra nytte av alle næringsstoffa som finst i jorda ein driv må planterøtene finna levelege forhold nedover i jordlaga. Om ein har pakka og tett jord, eller om jorda er dårleg drenert, vil det ikkje vera god nok luftveksling nedover i jorda. Og utan ei viss luftveksling vil det ikkje verta frigjort plantenæring av verdi for nyttevekstane. Næringsressursane i jordlaga nedover vil då vera verdilause og avlingane vil verta låge.

Om ein legg til rette for god drenering, tek omsyn til ver og føre ved gjødsling og hausting og gjennomfører god gjødselhandtering kan ein ved økologisk drift oppnå gode avlingar på gode jordartar.

Undersøkingar viser at det er større avlingsvariasjonar frå år til år på gardar med økologisk drift enn konvensjonell. Dette skuldast m.a. at frigjerings av næringsstoff i større grad er styrt av biologiske prosessar i jorda og på den måten er meir temperaturavhengige. Men kan ein få tilgang på leigejord, eller ta i bruk unyttige utmarksareal, kan ein velje å sjå på dette som ein måte å halde avlingane oppe.

Grønfør – supert som mellomkultur

Der tilhøva ligg til rette for vellukka pløying er ein mellomkultur av grønfør eit stort pluss ved økologisk drift. Her kan ein t.d. dyrke ei blanding av havre, raigras, erter og vikke. På denne måten kan ein få bukt med uønska ugras, og ein kan få dyrka eit ekstra proteinrikt fôr. Erter krev djup nedmolding då dei elles gjerne endar som duemat.

Slaktekvalitet

Det er fullt muleg å produsere kvalitetslam ved økologisk drift. Som ved konvensjonell drift er det avgjerande at ein tilpassar lemmingstidspunktet etter tilgangen på vårbeite og utmarksbeite, og at dyretalet ikkje er høgare enn det forgrunnlaget tillet. Klarar ein å produsere god slaktekvalitet ved konven-



Artikkelforfattar Kjersti Berge.



sjonell drift, bør ein også klare det ved økologisk drift.

Ein kan bruke økologisk kraftfôr ved økologisk sauehald. Men både av omsyn til økonomi og økologi bør ein tilstrebe å dyrke eit grovfôr som har ein kvalitet som gjer kraftfôrbruken så låg om muleg.

Krav til auka bingearreal påverkar økonomien

Ein viktig skilnad mellom økologisk og konvensjonelt sauehald er krava til bygningar. Strekkmetall er pr. i dag godkjent som underlag for sau i innefôringsperioden. Den største utfordringa i forhold til økologisk godkjenning av driftsbygningar for sau ligg i kravet om 1,5 m² bingearreal pr. dyr. Dette er nesten ei dobling av arealet i forhold til vanleg praksis ved konvensjonell drift. Å byggje eit fritt tilgjengeleg lufteareal ute med tak og levegger kan vere ei rimeleg og grei løysing for å auka bingeararealet for sauene. Dyra set tydeleg pris på å kunne gå fritt ut og inn gjennom vinterhalvåret når utearealet har tak som gjev vern mot regn og snø. Utfordringa vert å få samla opp sauemøka på ein god måte, slik at denne kan kome til nytte i engdyrkinga. Med tak over luftearealet er det muleg å bruke strø, men også å samle gjødsla for bruk i åkeråret.

Å halde kostnadane nede ved nybygging er ekstra viktig ved økologisk drift, sidan ein må rekne eit større

areal pr. sau. Før ein går i gang med ein byggjeprosess, anten det gjeld tilbygg, fornying eller nybygg, er det smart å besøke andre produsentar som har erfaringar med nye bygningsløyseringar. Forsøksringane er i ferd med å etablere eit tilbod innan bygningsrådgiving. Dei kan også hjelpe til med å formidle kontakt med erfarne produsentar. Nortura har også kompetanse og gir råd om bygningar til sau.

Gratis førsteråd gjev deg ny kunnskap - heilt uforpliktande

Om du ønskjer meir kunnskap om økologisk sauehald og er interessert i å få vurdert kva føresetnader du har for økologisk drift på eigen gard, kan du kontakte den lokale forsøksringen i området ditt og få bestilt besøk av ein av våre rådgivarar innan økologisk sauehald. Rådgivaren vurderer både jorda, dei agronomiske tilhøva, bygningar og reiskap. Det vert sett opp økonomiberekningar som viser utslag ved ulike avlingsnivå. Du vil få høve til å diskutere full omlegging til økologisk drift eller delløysingar der du tek i bruk metodar frå økologisk landbruk for å gjere driftsopplegget meir miljøvenleg, t.d. ved bruk av kløver eller grønförblendingar.

Om du vel å gå i gang med omlegging til økologisk drift, har Norsk Landbruksrådgiving med sine lokale forsøksringar også gode tilbod om oppfølging. Du kan delta i dyrkings-

Frisk satsing på økologisk kvalitetslam

Selskapet Norsk Natur ved Jan Kerr Eckbo har starta eit samarbeid med Norgesgruppen for å auke tilbodet av økologisk kvalitetslam i daglegvarehandelen. Norsk Natur sine produkt skal vere eksklusive og rettar seg mot forbrukarar som set kvalitet i høgsetet. Norgesgruppen har meldt frå om at dei ønskjer eit slikt varekonsept levert så snart som muleg. Det er gjort avtale med fleire lokale foredlingsbedrifter og slakteri og Norsk Natur ønskjer no å kome i kontakt med produsentar som kan tenkje seg å vera med på å utvikla ein produksjon av økologisk lam av beste kvalitet.

Produsentar som inngår avtale med Norsk Natur skal etter planen kunna levere dyra sine til lokale slakteri. Norsk Natur kjøper så inn heile skrotten og står for vidareforedling og sal gjennom dei involverte foredlingsbedriftene som mellom anna er Jens Eide i Lillesand, Bjerke Spekemat på Helgeroa og Stange Gårdsprodukter i Tønsberg.

For meir informasjon; ta kontakt med Jan Kerr Eckbo på tlf. 930 22 800/ 22 50 90 23.

gruppe og møta andre produsentar og fagfolk med erfaringar eller interesse innan økologisk sauehald, eller du kan inngå ein rådgivingsavtale som gjev deg 20 timars rådgiving skreddarsydd etter dine behov.

Finn din næraste rådgivar innan økologisk sauehald på www.lfr.no eller kontakt prosjektleiinga i Norsk Landbruksrådgiving: *Kjersti Berge*, tlf. 53 48 93 66/ 982 45 841 eller *Anne Kristine Rossabø*, tlf. 62 42 01 12/ 476 30 073.

Tekst og foto: Kjersti Berge